



Aud Sølvi Fosse Drengenes
6924 HARDBAKKE

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2933 - 17/24517

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

11.12.2017

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Stemmavegen del 2 - Gbnr. 25/11 og 16 Fosse

Administrativt vedtak. Saknr: 350/2017

Saksutgreiing:

Aud Sølvi Fosse Drengenes søker i søknad dagsett 20.11.2017 om løyve til å byggje ein forlenging av Stemmavegen på Gbnr. 25/11 og 16 på Fosse. Det vert søkt om å byggje ein landbruksveg i vegklasse3 på ca. 40 meter. Vegen er tenkt nytta 35% i skogbruksformål, 35% til jordbruksformål og 30 % som veg til våningshuset på bruket. Vegen har eit dekningsområde på 5,6 daa, byggjekostnader er kalkulert til 48.000 kr.

Aud Sølvi Fosse Drengenes fekk i administrativt vedtak saknr. 302/2016 løyve til å bygge Stemmavegen som er ein landbruks-/skogsbilveg i vegklasse 3 med ein lengde på om lag 150 meter. Vegen er ferdigbygd, men det gjenstår noko mindre arbeid med grøfter, stikkrenner og ferdig grusa opp før den er ferdiggodkjent av kommunen. Forlenginga av vegen vil gje betre tilkomst til areala på bruket og vil gjere landbruksdrifta enklare. Den gamle gardsvegen til tunet er smal, og har svakare bæring i regnperiodar. Vegen er også for liten til lastebilar, og det er blant anna vanskeleg å få septikkbilen bort til tunet for slamtømming. Den nye delen av vegen vil vere ein betre og meir effektiv tilkomst til areal og tun.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjer landbruksformålet hovuddel av planlagd bruk av vegen.

Den omsøkte vegen vil auke og betre tilkomsten til jordbruksareal og skogen på bruket. Første del av Stemmavegen ble bygd ut for å ta ut ein del tømmer og betre tilkomsten til jordbruksarealet på Gbnr.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

25/16. Ved å forlenge vegen vil ein kunne komma til betre på jordbruksarealet mot våningshuset og koma betre til ein del av skogen sør for våningshuset. Dersom ein skal kryssa jordbruksareal med tunge maskiner i samband med uttak av skog kan dette få store konsekvensar for jorda dersom det ikkje vert gjort på frossen og snødekt mark. Vidare er ein god tilkomst til jordbruksareal viktig, særleg om ein kan gjennomføre skjøtsel av innmarka ved minst mogleg køyring på jorda. Jordpakking er ein utfordring i Nordhordland. Kominasjonen av tunge maskiner på våt myrjord gjev jordpakking, samt at ein kan få køyreskader på innmarka. Med dagens utfordringar med eit fuktig og mildt klima, som skal bli våtare med klimaendringar er det viktig med god vegtilkomst.

Søkjar opplyser at vegen også skal nyttast i samband med våningshuset på 25/16, då dagens veg er smal og har for dårleg oppbygning. Dei nemnar blant anna lastebilen som skal tømme slam, som har problem med å koma fram til huset på ein god måte. Administrasjonen ser at det er ein utfordring med en smal veg som kan vere uframkomeleg for lastebiler. Det er viktig både for å kunne drive eigedomen at det er god tilkomst fram til huset på garden.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen motsegn mot vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. Meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn, men skriv; søkjar visar til at tiltaket ikkje vil vere i konflikt med grunner etter eldre driftsbygning, SEFRAK objektnummer 1256 205 068, byggID-175998063, og har teikna ny veg inn nord for denne. Eventuell godkjenning av søknad bør presisere at gjennomføring av tiltaket ikkje skal få følgjer for omtalt SEFRAK-ruin.

Det er viktig at bygginga av Stemmavegen del 2 ikkje gjer skade på kulturminne, men SEFRAK-ruinen som kulturavdelinga viser til ligg nært planlagt vegtrase. Søkjar opplyser at vegen er planlagt slik at ein unngår å gjere skade på den, og administrasjonen meiner at vegen kan bli bygd utan at ein gjer skade på SEFRAK-ruinen.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Etter gjennomgang av artskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar, ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10).

Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje løyve til bygging av Stemmavegen del 2 som omsøkt. Det er administrasjonen si meining at forlenginga av Stemmavegen vil vere viktig for god tilkomst til skog og jordbruksareal. Vidare er det naudsynt for garden at ein har ein god tilkomst fram til våningshuset. Administrasjonen har lagt vekt på at den omsøkte vegen er ein forlenging av Stemmavegen som vart godkjent i administrativt vedtak saknr. 302/2016.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av Stemmavegen del 2. Landbruksvegen vil vere ein forlenging av Stemmavegen som vart omsøkt og godkjent i administrativt vedtak saknr. 302/2016. Veggen skal byggast i vegklasse 3, i lengde 40 meter og alt som nyanlegg.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Veggen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 3 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Det må takast omsyn ved gjennomføring til grunn etter eldre driftsbygning, SEFRAK objektnummer 1256 205 068, byggID-175998063, slik at denne ikkje vert skada av tiltaket.
3. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
4. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 13.12.2020.
5. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-2, 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjævast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:
Kartvedlegg

Mottakere:
Aud Sølvi Fosse Drengenes

6924

HARDBAKKE